# Aktsomheitsvurdering 2025

**Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:**

- VEGARD STALHEIM KOLVE, signert 19.06.2026 med ID-Porten: BankID
- ROLF ABRAHAMSEN, signert 19.06.2026 med ID-Porten: BankID


**Det signerte dokumentet innholder**

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer

**Dokumentet er forseglet av Posten Norge**

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autentisiteten og forseglingen av dette dokumentet.

**Slik ser du at signaturene er gyldig**

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

# STYRET SI UTGREIING OM AKTSOMHEITSVURDERINGAR 2025

Voss DPS NKS Bjørkeli AS

## 1. Innleiing

Voss DPS NKS Bjørkeli AS (Voss DPS) er ei privat ideell verksemd som tilbyr behandling til personar over 18 år med psykiske lidingar. Verksemda sitt opptaksområde omfattar kommunane Voss, Kvam, Vaksdal, Ulvik og Eidfjord. Eigaren av Voss DPS er Sanitetskvinnene Vestland, Hordaland. Voss DPS har som mål å vere ein påliteleg organisasjon og eit effektivt DPS med høg fagleg standard. Tenestene skal vere tilpassa brukarane sine behov og behandlinga skal vere i tråd med internasjonalt anerkjende metodar. Verksemda samarbeider tett med Helse Bergen og kommunane i opptaksområdet for å sikre eit heilskapleg behandlingstilbod.

## 2. Arbeidet med openheitslova

Voss DPS er omfatta av openheitslova og arbeider i tråd med OECD sine retningsliner for aktsemdsvurderingar. Målet er å sikre respekt for menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i eiga verksemd og i leverandørkjeda. Som ideell verksemd er det særleg viktig å bidra til berekraftige verdikjeder gjennom systematiske risikovurderingar og oppfølging av leverandørar.
Styret har jamleg styresak om aktsomheitsvurdering og openheitslova på sakskartet for å sikra at organisasjonen følgjer krava og jobbar systematisk med tematikken.

## 3. Leverandøroppfølging

Det er utarbeidd ei samla oversikt over leverandørane til verksemda. Denne oversikten vert kontinuerleg oppdatert når nye leverandørar har blitt valt og vurdert. Det var i 2025 ingen leverandørar som vart vurdert til behov for vidare utgreiing og oppfølging.

## 4. Samarbeid med Sykehusinnkjøp og Helse Vest IKT

Voss DPS deltek i fleire innkjøpsavtalar gjennom Sykehusinnkjøp, som gjennomfører eigne aktsomheitsvurderingar. Tilsvarande gjeld for IKT via Helse Vest IKT AS. Verksemda har likevel sjølvstendig ansvar for å følgje opp leverandørane som blir nytta.



Dokumentet er signert digitalt av:

- VEGARD STALHEIM KOLVE, 19.06.2026
- ROLF ABRAHAMSEN, 19.06.2026

Forseglet av

Posten Norge

## 5. 6. Informasjonsplikt

Informasjon om arbeidet med openheitslova er publisert på nettsidene til Voss DPS. Førespurnader om innsyn kan sendast til post@bjorkeli.no og vil bli svara på innan tre veker i tråd med lovkrav.

## 6. 7. Varsling

Verksemda har etablerte varslingskanalar. Eksterne førespurnader kan sendast til post@bjorkeli.no. Tilsette kan varsle via interne kanalar på intranett.

Voss, 19.06.2026

| | |
|---|---|
| Vegard Kolve<br>Direktør<br>(sign.) | Rolf Abrahamsen<br>Styreleiar<br>(sign.) |



Dokumentet er signert digitalt av:

- VEGARD STALHEIM KOLVE, 19.06.2026
- ROLF ABRAHAMSEN, 19.06.2026

Forseglet av
Posten Norge